



**ETNE
EL. LAG**

PROTOKOLL ORDINÆR GENERALFORSAMLING

Etne Elektrisitetslag AS heldt Generalforsamling i litle kinosalen på Skakke,

12. juni 2025 kl. 18.00.

Saksliste:

Sak 1 - Opning av møtet og opptak av fortegnelse over møtende/deltakande aksjeeigarar

Sak 2 - Val av møteleiar

Sak 3 - Val av protokollførar og 2 til å skrive under protokollen saman med møteleiaren og referent

Sak 4 - Val av teljekorps

Sak 5 - Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 6 - Godkjenning av årsmelding og rekneskapen for 2024, herunder disponering av årsresultat

Sak 7 - Fastsetje godtgjersle for styremedlemmer og valkomite

Sak 8 - Godkjenning av revisjonsgodtgjersle for 2024

Sak 9 - Val av styremedlemmer og medlemmer til valnemnd

Sak 10 - Orientering om omdanning/virksomhetsendring

Sak 11 – Innkomne saker

Sak 1 - Opning av møtet og opptak av fortegnelse over møtende/deltakende aksjeeigarar

Generalforsamlinga vart opna av styreleiar Ove Wangensteen.

Det vart i henhold til Aksjeloven § 5-13 oppretta ei liste over aksjeeigarar som deltok, enten sjølv eller ved fullmektig.

Beslutning:

Deltakande aksjonærar, antall aksjar og stemmer, samt eventuelle fullmakter vart registrert. 60 aksjeeigarar møtte med 7 fullmakter, totalt 67 stemmer. Totalt antall aksjar på møtande aksjeeigarar var 25.788.266 av totalt 124.528.519; 20,71%.

Sak 2 - Val av møteleiar

Styreleiar Ove Wangensteen vart samrøystes vald til møteleiar.

Sak 3 - Val av protokollfører og 2 til å skrive under protokollen saman med møteleiaren og referent

Ole Martin Grindheim og Mette Heidi Ekrheim vart samrøystes valgt til å skriva under protokollen. Wenche Vik Thorson vart samrøystes valgt til protokollfører.

Sak 4 - Val av teljekorps

Sigve Sørheim og Øyvind Kristiansen vart samrøystes valgt som teljekorps.

Sak 5 - Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjend.

Sak 6 - Godkjenning av årsmelding og rekneskapen for 2024, herunder disponering av årsresultat

Årsregnskap og årsberetning for 2024 var publisert på www.elagsfondet.no og framlagd for generalforsamlinga.

Styret inviterte generalforsamlinga til å fatta følgjande vedtak:

- Årsmelding for 2024 vert godkjend.

- Styrets forslag til resultatregnskap og balanse for Etne Elektrisitetslag for 2024 vert godkjend.
- Styrets forslag til disponering av resultat for 2024 vert godkjend.

Beslutning: Rekneskapen, årsmeldinga og disponering av årsresultat for 2024 vart samrøystes godkjend.

Sak 7 - Fastsetje godtgjersle for styremedlemmer

Godtgjersle til styremedlemmer, varamedlemmer og observatører vert fastsatt av generalforsamlinga (AL § 6-10).

I følgje årsregnskapet for 2024 er honorarer utbetalt til Styret i Etne Elektrisitetslag AS på totalt kr 160.446,- (dette inkluderer arbeidsgjevaravgift og nokre andre personalkostnader). Av dette var styrehonorar/honorar til valnemnda på totalt kr. 135.000,-. Beløpa for godtgjersle til leiar, styremedlem og valnemdna vart sist fastsatt i Generalforsamlinga i 2024:

Styrehonorar:

GFS vedtok 25. juni 2024 etter avrøysting at styrehonoraret blir heva for styreleiar til kr 30 .000 og kr 20.000 pr. styremedlem pr. år inntil 10 styremøter. Dersom det vert nødvendig med fleire styremøter enn dette, vert honoraret auka med kr 2.000,- pr møte i tillegg til fast honorar. Valnemnda godtgjøres med kr. 3.000 pr medlem pr år uavhengig av antal møter.

Framlegg til vedtak: Styrehonorar vert ikkje endra.

Halleland kom med forslag til endring av honoraret både til styret og valnemnda ved at dette vart halvert. Generalforsamlinga stemde på forslaget som eit alternativ til fremlegg til vedtak. Det vart difor stemt på følgjande alternativ:

Alternativ 1. Honorar til styret og valnemnda vert uendra

Alternativ 2. Halvering av honorarer til styret og valnemnd

Det vart fleirtal for alternativ 1. (med 4 stemmer mot)

Beslutning: Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt og styrehonorar vert difor ikkje endra.

Sak 8 - Godkjenning av revisjonsgodtgjersle for 2024

Revisors honorar for revisjon for Etne Elektrisitetslag AS i 2024 har vore kr. 55.250,-.

Framlegg til vedtak: Revisor vert honorert etter rekning.

Beslutning: Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt og revisor vert honorert etter rekning.

Sak 9 - Val av styremedlemmer og medlemmer til valnemnd

Styret

Styret har hatt fylgjande samansetning i 2024:

- Ove Kahrs Wangensteen - leiar (2023-2025) På val
- Tord Askvig – styremedlem og nestleiar (2024-2026) Ikkje på val
- Frode Grindheim – styremedlem (2023-2025) På val
- Elin Vik – styremedlem (2024-2026) Ikkje på val
- Elin Hegerland Hjelvik – styremedlem (2023-2025) På val

Valnemnda ved leiar Bjarte Dagestad la fra sitt forslag:

Val av tre styremedlemmer for 2025-2027:

På val:

Ove Kahrs Wangensteen

Frode Grindheim

Elin Hegerland Hjelvik

Innstilling frå valkomiteen:

Ove Kahrs Wangensteen

Frode Grindheim

Elin Hegerland Hjelvik

Vedtak:

Ove Kahrs Wangensteen

Frode Grindheim

Elin Hegerland Hjelvik

Val av styreleiar for 2025/2026:

På val:

Ove Kahrs Wangensteen

Innstilling frå valkomiteen:

Ove Kahrs Wangensteen

Vedtak:

Ove Kahrs Wangensteen

Valnemd

Valnemda har hatt følgjande samansetning i 2024:

Bjarte Dagestad – leder (2024-2026) Ikkje på val

Torbjørn Reiso – medlem (2024-2026) Ikkje på val

Anne Elin Ljusnes Sævareid – medlem (2023-2025) På val

Val av medlem i valnemnda for 2025-2027:

På val:

Anne Elin Ljusnes Sævareid

Innstilling frå valkomiteen:

Anne Elin Ljusnes Sævareid

Vedtak:

Anne Elin Ljusnes Sævareid

Beslutning: Valnemda sitt forslag til nytt styre og valnemd vart samrøystes vedtatt

Sak 10 - Orientering om omdanning/virksomhetsendring

Styreleiar Ove Wangensteen orienterte.

Som kjent er styret i Etne Elektrisitetslag AS instruert av årsmøtet i 2024 til å greie ut alternative organisasjonsformer til dagens selskapsform. Dette mellom anna for å kunne ivareta føremålet sitt betre, samt for mogleg å unngå at aksjeeigarane vert formuesskatta for aksjane sine.

Styret har innhenta juridisk vurdering frå advokat Hans-Jacob Reinlund Sæther om dette, der det vert tilrådd å gjera om selskapet til ei stifting. Styret hadde som mål å leggje dette fram for ordinært årsmøte i juni i år, men ser det som naudsynt å innhente ei bindande førehandsfråsegn frå Skatteetaten om at dette kan gjennomførast skattefritt mv. før saka vert lagd fram for årsmøtet. Skatteetaten vil ha dette klart til hausten, og det vert då planlagt eit ekstraordinært årsmøte på det tidspunktet.

Kommentarar frå generalforsamlinga:

Agathe Børretzen: Dersom det blir ei stifting, får stiftingsstyret ei intern generalforsamling eller har eigarne fortsatt stemmerett? Kan ein ha ein avstemmingsmulighet for kven som får midlar?

Kommentar Ove: Hvordan dette blir lagt opp i vedtektene til en ev. stifting må avklares juridisk før styret kan ha en mening om det. Styret har i alle fall et ønske om at generalforsamlingen vert mest mulig som før. Styret ønsker også at det skal være tilnærmet likt som ordningen er i dag – at det blir begrensninger i hvor lenge og hvor ofte personer kan ha styreverv.

Bjarte Dagestad, leiar i valnemda kommenterte: Valnemda skal sørge for at alle geografiske områder samt idrett, kultur og andre interesseområder skal vera representert. Intensjonen er at styrekandidatene skal dekke alle interesser.

Arvid Kjell Osvåg: Forslag om å få til ei avstemming på kva lag og foreninger og tiltak som får gåver. Han ber om at styret inntil videre inntar ei nøytral stilling til saka om organisasjonsform. Oppfatter at styret har bestemt seg for stifting. Ove svarer at dette ikkje er tatt stilling til i styret og ein avventar utgreiinga.

Roe Lauvås: Etterlyser vurderinga til advokat frå desember 2024. Svar: den ligg på nettsida – [Elagsfondet 2024](#)

Einar Mæland: Det må vurderast grundig SØK-modellen. Krev likelydande presentasjon og utgreiing for dette alternativet.

Sak 11 – Innkomne saker

Sak 1: Vedtektsendring – Ingen kan ha styreverv meir enn 2 periodar.

Styret oppfattar dette som ein førespurnad om vedtektsendring. Av vedtektene § 5 går det fram at: Frå Generalforsamlinga 2020 blir styret redusert frå sju til fem styremedlemmer og skal veljast av Generalforsamlinga for 20 år om gongen.

Tenesteansiennitet skal vere maksimum 6 år samanhengande. 20 år må openbert vere ein feil, og skulle vere 2 år (slik det har vore praktisert). Det vil seie at vedtektene no opnar for 3 samanhengande periodar.

Styret trur forslaget kan vere ei god løysing. Relativt hyppig utskifting av styremedlemmer – utan moglegheit for ny periode etter 4 år – vil vere positivt. Styret føreslår at saka blir handsama på eit ekstraordinært årsmøte til hausten. Grunnen er at ei eventuell innføring no vil føre til at Frode Grindheim måtte tre ut. Dette vil vere uheldig for styret med tanke på prosessen ein no står i med selskapsform m.m. Det vil òg vere ei belastning for valkomiteen å få på plass nye styremedlemmer på så kort tid.

Forslag til vedtak: Vedtektsendring om at ingen kan ha styreverv i elagsfondet meir enn 2 periodar à 2 år, blir handsama på ekstraordinært årsmøte hausten 2025.

Forslaget vart einstemmig vedtatt.

Sak 2: Alternative forslag til selskapsstruktur/Organisasjonsform

Styret ser på innspela som ei presisering av det oppdraget styret fekk av årsmøtet i fjor: Styret blir instruert i å undersøkje endring i selskapsforma til EEL frå AS, for på best mogleg måte å ivareta føremålet og aksjonærane sine interesser. Styret blir bedt om å leggje fram resultatet til avstemming i ekstraordinær generalforsamling seinast tre månader etter at utgreiinga er ferdig. Sjølv om styret har motteke notat frå advokat Sæther om at stifting ser ut til å vere vegen å gå, har vi på ingen måte konkludert med dette. Vi vil avvente ei bindande førehandsfråsegn frå Skatteetaten før vi legg saka fram for ekstraordinært årsmøte.

Styret reknar difor ikkje spørsmålet som ferdig utgreidd før dette ligg føre. Styret vil då òg be advokat Sæther om å utarbeide eit forslag til omdanning etter modellen brukt i Skånevik–Ølen kraftlag – ei deling av selskapet i to einingar: eitt selskap med føremål om å betale ut utbytte til aksjonærane, og eitt selskap/stifting med føremål om å gje gåver til gode formål (SØK-modellen).

Styret har allereie greidd ut moglegheita for å gjeninnføre utbetaling av utbytte gjennom vedtektsendring, og vil òg leggje fram dette for det ekstraordinære årsmøtet til hausten. For begge «utbyttedellar» vil styret be advokat Sæther vurdere om det er behov for skattemessig vurdering av dei moglege konsekvensane. For alle alternativa ser styret føre seg ein rimeleg frist for aksjonærane i forkant av årsmøtet, slik at ein har god tid til å handsame eventuelle spørsmål eller innspel.

Forslag til vedtak: Styret blir – i tillegg til instruksen frå årsmøtet i 2024 – bedt om å også greie ut endring av EEL AS til den såkalla «SØK-modellen», samt greie ut gjeninnføring av utbetaling av utbytte. Styret blir pålagt å leggje fram forslag for ekstraordinært årsmøte hausten 2025 om dette, slik at årsmøtet kan fatte vedtak.

Vedtak:

Forslaget vart einstemmig vedtatt.

Kommentarar som kom fram før avstemming:

Leif Halleland: Etterlyser utredning av SØK-modellen i skriv fra styret i desember 2024.

Presisering at styret ønsker at det skal utredes to alternativ; både stifting og SØK-modellen.

Einar Mæland: Har en oppfatning av at styret jobbar for at det skal bli en stifting. SØK-modellen ser ut til å være nedprioritert. Ba om på forrige GF at det vart henta inn kompetanse på utredningen. Styret må nå innhente ekstern kompetanse; i tillegg eller som ein erstatning for eksisterende rådgiver. Forslag: Hente inn ny ekstern rådgiver.

Styret har vært samstemte på at vi har innhentet den kompetansen som er nødvendig.

Agathe Børretzen: Ønsker informasjon om SØK-modellen. Kom eit innspel på at ein kunne senda ein mail til post@sok.no for å få informasjon.

Leif Grindheim: Kort gjennomgang av SØK-modellen. Salg av selskapet med hensikt å dele ut verdier til aksjonærer, delt mellom stifting og aksjonærer. Ved eit sal skal 20% av verdiane gå til stiftinga og almennyttige formål og 80% til aksjonærene. SØK betaler rente til stiftinga som går til almennyttige formål (en garantiutbetaling pr år). Selskapet vert ikkje endra, bare vedtektene. Aksjen får verdi som er knytt opp mot Haugaland kraft som øker i verdi og omsetning i papiret.

Kjell Harald Hardeland: Støtter styret i vurderingen.

Ole Martin Grindheim: Viktig å påpeke at styret ikke har skjult agenda. Me må finna ut kva det opprinnelige målet og oppdraget var. Ønsket må vera mest mulig midlar tilgjengelig for å dele ut lokalt, minst mulig belastning på aksjonærene.

Roe Lauvås: Ekstraordinær generalforsamling; må være basert på ei best mulig utgreiing. Kan rådgiver utrede alternativet med SØK-modellen? Oppfordrer sterk til å få en ny ekstern rådgiver til å utrede alternativet.

Agathe Børretzen: Formueskatten. Verdien på aksjene går utover søknad om bostøtte.

Peder Helge Kvammen: Hindrer vedtektene en omdanning til SØK-modellen?

Følger av vedtektene at dersom vi skal endre til ikke økonomisk utbytte krever 50% av aksjekapitalen må være til stede og ¾-deler av stemmene må være for.

Hva skjer ved oppløsning av selskapet? Formål til allmennyttige formål i bygda eller

Da slutter selskapet å eksistere og verdiene bli i bygda. Eierrettighetene forsvinner. Sikre fondet på en slik måte at det blir værende i bygda. Etterlyser en løsning på problemstillingen. Forstår at det innhentes ny ekstern rådgiver.

Sak 3: Val av advokatfirma for vurderinga og styreleiar sin habilitet

Sjå vedlagt innkomne saker/spørsmål/innspel med kommentar. Dette er svara ut både med individuelt svar til den som kom med innspela og informasjon til generalforsamlinga samt publisert på Elagsfondet si nettside slik at alle får lik informasjon.

Einar Mæland: Er vedtektene godkjent i forhold til aksjeloven?

Erik Johnsen: Problemstilling i høve kven du kan overføra aksjane til (krav om geografisk tilknytning/at ein bur i gamle Etne kommune). Då er det ikkje alle som har nokon å overføra aksjar til.

Forslag til vedtak:


- Styret blir pålagt å innhente en ny juridisk vurdering fra et nytt firma når det gjelder de selskapsendringer som ligger til grunn. Følgende alternativ skal utredes:
 1. Stifting
 2. SØK-modellen
 3. Utdeling av utbytte
 4. Fortsette som før

Vedtak: Forslaget er vedtatt med fleirtal

- Styret blir pålagt å innhente juridisk utredning av vedtektene i henhold til Aksjeloven, herunder § 8.

Vedtak: Forslaget er vedtatt med flertal.

Møtet vart heva.



Ove Kahrs Wangensteen

Styreleiar

Etne, 12. juni 2025

Mette Heidi Ekrheim

Ole Martin Grindheim

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg

Underskriver

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-3395278

IP: 79.160.xxx.xxx

2025-07-17 12:36:17 UTC



Grindheim, Ole Martin

Underskriver

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-3460086

IP: 81.166.xxx.xxx

2025-07-18 07:02:07 UTC



Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl. For mer informasjon om Penneos kvalifiserte tillitstjenester, se <https://eutil.penneo.com>.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.